

Elevdeltaking på gudsteneste før jul

Det nærmar seg jul, og tradisjonen tru, ynskjer skulen å delta på julegudsteneste før juleferien.

Vi praktiserer ikkje påmelding til gudsteneste før jul. Dersom heimen ikkje ynskjer at borna skal delta på julegudstenesta, må det gjevast skriftleg melding om dette til kontaktlærer eller rektor. Meldinga må bli gjeven i god tid, og seinast 12. desember. Det vil vere for seint å kome med denne same dag. Elevar som ikkje deltek i julegudstenesta får eit alternativt opplegg med ein lærar.

Dette året er det ei alternativ julegudsteneste.

Kyrkja har laga til ei digital gudsteneste. 3.-4. trinn har spela inn eit digitalt innslag som skal vere med i julegudstenesta.

På skulen kjem vi til å pynte, ringe inn til kyrkje, spele av julegudstenesta og syngje songane samstundes, slik at vi får ei kjensle av fellesskap.

Dette gjennomfører vi tysdag 22.12.20, siste skuledag.

Mvh

Linda Færestrand

rektor